

<b>Logg Gunnstein Kolstad</b>	
	7. januar 1998. Intervju: Jan Eidi - Foto: Oddvar Foss. Logg: Johan Knutsen
	<a href="https://vimeo.com/239402363">https://vimeo.com/239402363</a>
00:00	Personalia, oppvekst i prestegarden i Manger.
01:00	Fem søsken, yngstemann døde 12 år gammel, gjekk på straumledning.
01:35	Levekår, lite forskjell på fattig og rik, fleste hadde bruk med sjørett, notlag/notbruk.
02:10	Meir jordbruk frå midten av 1800-talet, fylkasagronomar rapporterte at mannfolk var meir opptatt av sjøbruk, kvinner tok seg av landbruk.
03:10	Folk hadde likevel tid til å sosialt arbeid, foreningar, misjonsarbeid, helselag.
03:30	Venstre og arbeiderpartiet dominerande politiske parti, far var ordførar frå 1930, venstremann med støtte frå ap, Høgre vart kalla gardbrukarlista før den blei bondepartiet, seinare senterpartiet.
04:20	Minner frå før 9.4.1940, forundring over at krigstrugselen ikkje vart tatt alvorleg, sjølv om den nerma seg.
05:00	Utskriven stridande krigsmusikar ved kystartilleriet, rekruttskule i 1938, utskriven p.g.a. nyresjukdom, operert i 1950. Ikkje i mobiliseringsforband då krigen braut ut, men fylgde med.
05:30	Mykje av forsvarsmatriellet som var tilgjengeleg vart ikkje nytta, kystartilleriet, torpedobatteri i Kvarvik, same som i Oscarsborg.
06:20	Oberst Gunnar Isaachsen Willoch, onkel til Kåre, søkte midler til å setje torpedobatteriet i stand, fekk avslag.
07:20	Dagane etter 9.4, sommaren 1940, ingen krigshandlingar i bygda, mobiliserte soldatar i og rundt Voss og Sogn kom gjennom Manger ved retretten.
08:07	Far/ordføraren skaffa forsyningar frå Vaksdal og Boge, leigde motorbåten Presidenten frå Kviste, stor kutter bygd for Jacob Misje sin sildeeksportforretning.
08:55	Ordførarane, Landberg i Hordabø, Karl G. Kolstad i Manger og Alfred Haukeland i Sæbø, gjekk saman om å henta ut bensin frå marinestasjonen på Flatøya før tyskerane.
09:25	Kunne ha stoppa tyskerane 9. april om torpedobatteri og kystartilleri hadde vore operasjonelt.
10:20	Administrasjonsrådet, fylkesmann Gjert Lindebrække i Hordaland ville gå, ordføraren i Manger fekk ikkje gå, strategisk viktig.
11:40	Landbeg hadde sardinfabrikk i Bø, store båtar henta forsyningar frå England mot slutten av krigen.
12:15	Mot slutten av krigen gjaldt det å overleve, lettar for dei som hadde tilknytting til gard.
12:40	Ingen NS-lensmann, arrestasjonar mot slutten av krigen, Kaptein Gudmund Toska fekk stygg medfart av Gestapo, deltok ikkje sjølv i ulovlige handlingar, fordelte aviser, oppebarte arkiv og notematriell for divisjonsmusikken.
15:10	Lytta til illegal radio, fleire apparat i bygda, oppdatert kvar dag, gjøymde radioen under torvbrikettar.
17:30	Nazifisering av skuleverket, lærarane og prestane fekk halda fram under streng kustus.
18:30	Ingen tyskerar i Manger før staden vart utpeikt som stasjon for vaktbåt. Såg lite til marinefolk.
19:30	Nestan ingen NS-medlemmer i Manger. Gunnar Mellingen, NS-lensmann på Stord, organisasjonssjef, godt ettermæle.
21:20	Fleire tyskerar mot slutten av krigen, kystvakten var ikkje til mykje bry. Radøy, Marøy og Forsøy vart befestet. Vågenes, Marøy, Bø og Hauga, tyskerane rekvirerte hus.

23:00	Russiske krigsfangar i desse områda, dårleg kledde, semetsekkar som sko, smugla ut utskorne trefuglar.
24:30	Kommunistfrykt førte til NS-rekruttering.
25:30	Personlig involvering i organisasjonsarbeid etter krigen. Innvalgt i styret i Hordaland Bondelag i 1955, ledar i 1956, seinare i musikk og kulturorganisasjonar, Hordaland landbruksmuseum. Politiske verv.
27:00	Kommunehistorie 1400 - 1964
28:20	Stemmevaner, Venstre første gang, Senterpartiet sist valg.
28:50	Lettelse då krigen tok slutt, musikklaget fekk arbeide tilnerma uhindra under krigen.
29:40	Mange kvinner som var involvert med tyskerar reiste til Sverige etter krigen, borna vart ikkje hetsa.
30:55	Rettsoppgjøret opplevdes som vilkårlig, dødsstraff.
32:30	Positive ting ved okkupasjonen, samhald, folk tok vare på ting og kasta ingenting. Bruk og kast-mentalitet idag.
33:30	Alt var dårlig med okkupasjonen. Nedverdige for ein fri stat.
34:40	Beundra General Otto Ruge og Carl Gustav Fleischer, Fleischer dårleg behandla og tilsidesett, tok sitt eige liv, siterer Nordahl Grieg.
36:10	Regjeringa kjem tilbake, blir granska.
37:20	Nordahl Grieg sine verk er klassiske, Olav Rytter, Øksnevad, bidrog til den "usynlige" motstandsryrsla.
38:30	Shetlands-Larsen. Hitra. Orlogskaptein Eidsheim. Ingeborg Skagenes. Flyktningar ombord på Varden. Hemmleg rom bak eit skott. Gjekk av på Manger. Rodde forbi tyskerane, vinka, slenkyss.
40:30	Opp mot hundre menneske i dekning på Skagenes, henta av Shetlands-Larsen på Lyngøy, Herna. Nils Skagenes. Heimefronten overtok, Konrad Matthisen kjøpte fiskebåt som dei nytta.
41:30	Norsk EU-medlemskap. Steinar Brauteseth, radiomann, skreiv bok om EU-kampen: "Sett ifrå Paris".
43:40	Norsk innvandringspolitikk. Ta imot folk i nød, hjelpe folk der dei er.
45:40	Utviklingen i idretten. Fotballspelarar tjenar for mykje, idrettens adelsmerke, sunn sjel i sunn kropp, stjernedyrking, kommersialisering. Pengespel, lotto, tipping.
47:50	Største miljøproblem i Noreg idag. Noreg er eit lite land. Bruk og kast. Avfallsproblem.
49:40	Familien si rolle i framtida. Sentral rolle. Moralsk dekadens og oppløysing av familien truar sivilisasjonen.
50:20	Skilsmisse. Spør henne. Tålmod, repekt, kommunikasjon.
51:20	Forbilledleg samfunnsystem, bedre enn Noreg. Ikkje setja krav til andre, men heller seg sjølv.
52:30	Sosialismen er ikkje død. Finn Gustavsen, Bøndene sin økonomiske organisasjon den einaste reelle sosialismen. Teolog Nils Rød, konfirmasjonsundervisning, apostelsamfunnet i Jerusalem einaste skjikkelege kommunisme. Statsautoritær sosialisme er dårleg, Sovjet-unionen på nivå med det tredje riket.
54:30	Gud er ikkje død. Du kan lage alt av tre, men berre gud kan lage tre.
55:00	AKPML, Mao-isme. Feilinformert ungdom i 1968. Hjernevaska akademikarar.
56:35	Diskriminering av eldre. Ikkje opplev det sjølv, men høyrd om. I bedriftslivet blir folk over 50 betrakta som ubruklege.
57:50	Karakteristikk av nordmenn. Tacitus sine beretningar om nordmenn. Nordmenn blir betrakta som naive. Dårlige drikkevanar.
59:40	Vil nynorsken døye? Nei, kulturellt forankra.

01:00:00	Vil statskyrkja døy? Nei.
01:01:00	Verneplikten bør oppretthaldast.
01:01:10	Oppmaning til fremtidige generasjonar. Lær av historia, og lær av feila til våre forfedre.
01:01.55	Slutt.